

NVE

Innsendt dato: 05.11.2017

Referansenummer: IMCEE0

## Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside	
Fortsett med høringsuttalelsen	Ja

Personopplysninger	
Fornavn	VIGDIS
Mellomnavn	Ikke angitt
Etternavn	REISÆTER
E-postadresse	vigdis.reiseter@hvl.no
Mobilnr.	45201579
	Ikke angitt

Saksopplysninger	
NVEs saksnr.:	201700558
Sakstittel	Folkedal II kraftverk

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	<p>Som eigar av g.nr 136 bruk nr 2 i Granvin herad, vil eg melda at eg ikkje støttar planane om å flytta vassdraget over til Folkedal.</p> <p>Hovudgrunnane:</p> <p>Det første er at eg oppfattar å flytte ei elv frå eit dalføre til eit anna er eit omfattande inngrep i naturen, sjølv om ikkje dei fysiske såra vil verta så store, så er mi meining at dalen ikkje vil kunna klara å halda på den fuktigheita som er nødvendig for at dalen skal halda fram med å vera så frodig som den i dag.</p> <p>Det andre er at dalen er ein særst unik dal, smal, og bratte dalsider son nesten har eit tropisk uttrykk. Konskevensane av ei utbygging vil etter mitt syn vera store.</p> <p>Det tredje momentet er Kvanndalen som rekreasjonsrområde. Meg og min familie bur i Kvanndal, og nyttar dalen som rekreasjonsområde. Ein dal med ei elv med eit minium av vassføring vil ikkje gje den same naturopplevinga. Det handlar om livskvalitet for oss som bur her.</p> <p>For det fjerde så har vi nyleg stifta eit venelag som ynskjer å få til Sherpatrappor opp til Kvanndalsstølen; siktemålet er å gjera ein unik dal tilgjengeleg for mange. Dette vil kunne bety verdiskaping for Kvanndal, og betre tilgang på urørt natur for ålmenta.</p> <p>Det siste momente er den totale belastninga som ligg i at vi først fekk Monsternastene som vi ikkje ville ha, og no er det planar om å ta elva, som me vil ha. Det opplevest som urimeleg belastning for nokre få, for å bidra til fellesskapets trong for energi. Den totalt mengede straum, som Kvanndal elva kan tilføre folkedal II, meiner vi at er for liten i forhold til at det skal kunne forsvarast å gjennomføra oreigning.</p> <p>Ber om det vert teke omsyn til oss som bur i Kvanndal. Etter det eg kjenner til er det minst seks rettighetshavarar som alle bur, eller har sterk tilknytning til Kvanndal som ikkje ynskjer denne utbygginga.</p>
Høringsuttalelse som vedlegg	Ikke angitt
Vedlegg av bilder og kart	